

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 14.12.2006, 08:30 - 16:00

Møtestad: Radisson SAS Royal Hotel Bryggen, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Oddvar Nilsen

Styreleiar

Kari Oftedal Lima

Nestleiar

Svein Andersen

Medlem

Helge Espelid

Medlem

Gisle Handeland

Medlem

Inger Hamborg

Medlem

Magnar Lussand

Medlem

Aslaug Husa

Medlem

Ellen Solheim

Medlem

Gunvor Sunde

Medlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

Sakar:

B 06/118	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 06/119	Godkjenning av protokoll for styremøte i Helse Vest RHF - 8.november 2006 og 29. november 2006
B 06/120	Mandat for fagleg vurdering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest
O 06/121	Administrerende direktør si orientering
B 06/122	Rapportering frå verksemda pr. 31. oktober 2006
B 06/123	Budsjett for Helse Vest RHF administrasjon 2007
B 06/124	Regional plan for habilitering og rehabilitering
B 06/125	Organisering av eigedomsforvaltning og styring av investeringsprosjekt i Helse Vest
B 06/126	Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør
B 06/127	Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF
B 06/128	Felles utredning om samarbeid knyttet til stabs- og støttefunksjoner - oversendelse av sluttrapport
B 06/131	Ortopedi i Helse Førde – endra styrevedtak
B 06/129	Eventuelt
U. Off. Offl. § 5, 1.ledd	
B 06/130	Innstilling til val av ekstern revisor

Presentasjon av Helse Vest IKT ved administrerende direktør Erik Hansen

Administrerende direktør i Helse Vest IKT AS, Erik M. Hansen, presenterte Helse Vest IKT AS – status etter to år.

Mål for etableringa av Helse Vest IKT var:

- *Samordning og integrasjon* av system og løysingar slik at *informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløpa lokalt, regionalt og nasjonalt*
- Understøtte *felles administrative* løysingar for føretaksgruppa
- *Redusere* kostnadar til *parallelt* arbeid og *auke servicenivå* ved å samordne IT-funksjonane

Noko av det Helse Vest IKT har gjennomført er:

- Samlokalisering av Kundesenteret
- Infrastrukturprogrammet
 - Felles e-post, antivirus, PC-oppsett, nytt nettverk, serverkonsolidering, oppgradering av lagringsløysingar, ny løysing for sikkerhetskopiering
- Ei rekke prosjekt er utført for helseføretaka
- Ny organisering
- Vidareutvikla samarbeidet på tvers av geografi

Helse Vest IKT har framleis utfordringar med:

- Kunderelasjonar
- Responstider for kundesenteret
- Automatisering av tilgang og passord
- Nytt PC-oppsett for Helse Stavanger og Helse Fonna
- Redusere talet på applikasjonar i helseføretaka

Økonomi:

Helse Vest IKT leverer eit overskot i 2006 på om lag 3,2 millionar kroner. Samordningsgevinst i 2006 vil vere som estimert på om lag 15, 9 millionar kroner.

Viktige arbeidsområde i 2007 vil mellom anna vere:

- Rammeavtaler for IKT-produkt
- Felles EPJ
- Regional IKT-strategi
- Nasjonalt arbeid innan IKT-området
- Evaluering av Helse Vest IKT
- Løse utfordringar med kundeorientering og talet på applikasjonar i helseføretaka

Presentasjon av Apoteka Vest HF ved styreleiar Ragnhild Osmundsen

Styreleiar i Apoteka Vest HF, Ragnhild Osmundsen, presenterte Apoteka Vest HF.

Nasjonale mål og føringar for sjukehusapoteka:

- Sikre sjukehusa ein legemiddelforsyning av høg kvalitet og til lågast mogleg pris
- Sikre farmasøytisk kompetanse og produksjons- og forsyningsberedskap
- Sikre utdanning og tilgang til farmasøytisk kompetanse i tråd med sjukehusa sine behov
- Sikre legemiddelberedskap i sjukehusa
- Sikre heilskaplege behandlingsskjeder for pasientane

Nøkkeltal for Apoteka Vest HF:

- Apoteka Vest HF har ein årleg omsetning på 538 millionar kroner, fordelt på 4 sjukehusapotek:
- Sjukehusapoteket i Bergen (267 mill kr)
- Sjukehusapoteket i Stavanger (153 mill kr)
- Sjukehusapoteket i Haugesund (69 mill kr)
- Sjukehusapoteket i Førde (49 mill kr)
- Helseføretaket har 196 tilsette i 170 årsverk

Økonomi:

- Apoteka Vest HF har levert resultat i samsvar med budsjett sidan 2002.
- Prognose for 2006 er på 8,5 millionar betre enn budsjett.
- LIS samarbeidet har ført til reduserte kostnader for Apoteka på 570 millionar nasjonalt. Helse Vest sin andel av dette vil i 2006 vere på 107 millionar kr.

Viktige arbeidsområde i 2007 vil mellom anna vere:

- Nye samhandlingsprosessar mellom apotek og sjukehus
- Automatisering av legemiddellager
- LIS samarbeidet
- Utvikling av nasjonal legemiddel database
- Kvalitetsarbeid
- Kundefokus

B 06/118 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Styreleiar orienterte om at sak 130/06 B vert handsama til slutt i møtet då denne skulle behandlast i lukka møte.

Det vart difor endringar i rekkjefølgja på saker:

Sak 128 B – Felles utredning om samarbeid knyttet til stabs- og støttefunksjoner

Sak 131 B – Ortopedi i Helse Førde HF

Sak 129 - Eventuelt

Sak 130 B – Innstilling til val av ekstern revisor

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

- Vedlegg til sak 125/06 B organisering av eigedomsforvaltning og styring av investeringsprosjekt – Oppsummering frå styrebehandling i helseføretaka.
- Styresak 131/06 B Ortopedi i Helse Førde – endra styrevedtak
- Norsk pasientskadeerstatning – Statistikk for regionale helseforetak
- Brev frå Geir Hopland til styret i Helse Vest, dagsett 12.12.2006 – U.off – Offl. § 5a

Følgjande saker vart meldt til sak 129/06 - Eventuelt:

Sjukepleiefagleg systemansvar i HFa (Inger Hamborg)

Føretaksmøte Helse Vest RHF (Oddvard Nilsen)

Spørsmål om finansiering av studenthelseteneste ved universitet og høyskuler (Ellen Solheim)

Referat frå møte i kontrollkomiteen 13. desember (Svein Andersen)

Fødetilbodet i Nordfjordeid (Gunnvor A. Sunde)

Luftambulanseoppdrag i Fonna-området (Helge Espelid)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 06/119 Godkjenning av protokoll for styremøte i Helse Vest RHF 8.november 2006 og 29.november 2006

Kommentarar:

Styret diskuterte form og innhald i styreprotokollen. Styret vil komme tilbake til denne diskusjonen på neste styreseminar. Det var semje om å vidareføre gjeldande form på protokollen fram til noko anna er bestemt.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner og undertekna protokollen frå styremøte 8. november og 29. november 2006.

B 06/120 Mandat for evaluering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest

Kommentarar:

I styremøte 08.11.06 behandla styret i Helse Vest RHF sak om nevrokirurgi i Helse Vest og fatta følgjande vedtak i sak 96/06:

Vedtak (Vedtaket fekk 6 stemmer: Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Inger Hamborg, Aslaug Husa):

1. *Avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi jf styresak 80/05 vert vidareført. Helse Vest RHF vil ha ei særskilt tett oppfølging av om avtalen blir etterlevd i begge helseføretaka.*
2. *Helse Bergen HF intensiverer arbeidet med å etablere ei permanent bemanning innan nevrokirurgi i Stavanger i samsvar med gjeldande samarbeidsavtale. Helse Stavanger må bidra i dette arbeidet. Styret i Helse Vest RHF ber om å bli haldt løpande orientert om utviklinga fram til ny vurdering er gjort og er lagt fram for styret.*

3. Det vert gjennomført ei ny brei fagleg vurdering av ei nordisk/internasjonale gruppe ekspertar om funksjonsdelinga/arbeidsdelinga innan nevrokirurgi i Helse Vest.
4. Administrerende direktør i Helse Vest RHF utarbeider forslag til mandat som vert godkjent av styret i Helse Vest RHF.
5. Styret ber om ei ny handsaming av saka etter dette.

29.11.06 fatta styret i Helse Vest RHF vidare følgjande vedtak vedrørande nevrokirurgi i sak 107/06:

Vedtak (samrøystes):

1. Forslag frå Helge Espelid blir oversendt til administrasjonen som skal vurdere korleis dette kan bli innarbeidd i mandat til fagleg utgreiing.
2. Styret i Helse Vest forventar at styra i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF følgjer opp samarbeidsavtalen. Vidare forventar styret lojal oppfølging av avtalen frå leining og tilsette i begge helseføretak.

På denne bakgrunn blir det lagt fram sak for styret i Helse Vest RHF med forslag til mandat for fagleg vurdering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest RHF.

Administrerende direktør sitt forslag til mandat er vist i vedlegg 1. Administrasjonen sende ut eit utkast til mandat til høyring til dei to helseføretaka. Kommenterarar og innspel til mandatforslaget frå Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF er vist i vedlegg 2 og 3. Alternativt fagleg forslag som er oversendt frå styret, jf. styresak 107/06 er vist i vedlegg 4 og skal leggjast ved mandatet som blir vedtatt.

Ekspertutvalet skal levere sin rapport så snart som råd, og seinast innan 1. mai 2007. I mandatet står det mellom anna at ein skal sjå på organiseringa av den nevrokirurgiske verksemda i Helse Vest, og gjere ei vurdering av samarbeidsavtalen mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.

Utvalet skal også beskrive medisinsk-fagleg og teknologisk utvikling innan fagområdet, grenseflater og avgrensing opp mot andre fagområde og framtidig behov for personell og utstyr. Gruppa skal også vurdere om det er fagleg grunnlag for å dele opp verksemda for elektive (planlagde) kraniotomiar mellom dei to nevrokirurgiske avdelingane i Bergen og Stavanger.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til følgjande mandat med vedlegg for evaluering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest:

Fagleg vurdering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest 2006 - 2007

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF har i sak 96/06 vedtatt at det skal foretas ei evaluering av det nevrokirurgiske tilbodet i regionen. Evalueringa skal gjerast av internasjonale ekspertar.

Nevrokirurgi i Helse Vest RHF

Nevrokirurgi er i Helse Vest RHF organisert som ein høgspesialisert funksjon, jf styresak 105/05. Regionen har et befolkningsgrunnlag på ca. 950 000 innbyggjarar. Hovudfunksjonen med ein fullverdig nevrokirurgisk avdeling er lagt til Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF.

Styret i Helse Vest RHF har i tillegg vedtatt at det skal være eit akutt nevrokirurgisk tilbod i Stavanger samt ein del elektiv kirurgi, jf. samarbeidsavtalen inngått mellom Helse Bergen og Helse Stavanger (sjå under).

Samarbeidsavtalen (av 24.08.05) regulerer oppgåvefordelinga og systemansvaret mellom dei to nevrokirurgiske einingane. Samarbeidsavtalen legg opp til ei tett integrering av avdelingane. Styret har i sak 96/06 vedteke at avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi vert vidareført. Dette er stadfesta i føretaksmøte 1. desember 2006.

Mandat

Formålet med vurderinga er å sikre eit godt og likeverdig nevrokirurgisk tilbod til befolkninga på Vestlandet samla, med utgangspunkt i beskrivinga av "nevrokirurgi i Helse Vest RHF" (sjå ovanfor).

- *Det skal gjerast ein fagleg gjennomgang av den nevrokirurgiske verksemda i Helse Vest, og organiseringa av denne på HF-nivå.*
- *Det skal gjerast ei brei vurdering av samarbeidsavtala som grunnlag for oppgåvefordeling mellom føretaka.*
- *Utvalet skal beskrive medisinsk fagleg og teknologisk utvikling av det nevrokirurgiske fagområdet, grenseflater og avgrensing til andre fagområde, inklusive støttefunksjonar og framtidig personell- og utstyrsbehov.*
- *Det skal gjerast ei vurdering av om det er fagleg grunnlag for å dele opp verksemda for elektive kraniotomiar mellom dei to avdelingane i Bergen og Stavanger.*
- *Framlagte forslag til alternativ oppgåvedeling skal vurderast, jf. styresak D 06/107.*

Helse Vest RHF koordinerer arbeidet. Evalueringa skal vere ferdigstilt så snart som mogeleg, seinast innan 01.05.07

Utvalet:

Professor Lennart Person, Uppsala, Sverige

Sjefslege/docent Simo Valtonen, Åbo, Finland

Ledende overlæge, dr. med. Jannick Brennum, Glostrup, Danmark

Verksamhetschef Jan Hillman, Universitetssjukhuset i Linköping, Sverige

Votering:

Aslaug Husa fremja følgjande forslag til tillegg til administrerende direktør sitt framlegg til mandat:

Mandat

Formålet med vurderinga er å sikre eit godt og likeverdig nevrokirurgisk tilbod til befolkninga på Vestlandet samla, med utgangspunkt i beskrivinga av "nevrokirurgi i Helse Vest RHF" (sjå ovanfor).

Ellen Solheim fremja følgjande forslag til vedtak (forslag frå styremøte 11.10.06 og 08.11.06):

1. Helse Stavanger overtar rekrutterings- og arbeidsgiveransvaret for de tre nevrokirurgene som Helse Vests styre tidligere har vedtatt skal være i Stavanger.
2. Det åpnes for et begrenset antall planlagte hjernesvulstoperasjoner i Stavanger i tråd med vedtaket i Helse Vest. (mars 2005)
3. Øvrige deler av tidligere samarbeidsavtale videreføres.

Dei 2 framlegga til vedtak vart stemt over i følgjande rekkefølge:

1. Ellen Solheim sitt framlegg til vedtak fekk 2 stemmer (Ellen Solheim, Svein Andersen).
2. Administrerende direktør sitt framlegg til vedtak med Aslaug Husa sitt forslag til endringar i teksten på mandatet vart vedtatt samrøystes.

B 06/121 Administrerende direktør si orientering

1. Føretaksmøte i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF 1. desember 2006

Administrasjonen orienterte om føretaksmøta med Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF 1. desember 2006 om samarbeid mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF om nevrokirurgisk tilbod i Helse Vest.

Føretaksmøta gjorde følgjande vedtak:

1.

Føretaksmøtet gjer vedtak om at dei deler av samarbeidsavtalen mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF datert 24.08.05 som er referert ovanfor, gjeld som retningslinjer for det vidare samarbeidet mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF om det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest. Retningslinene er gyldige inntil føretaksmøtet gjer anna vedtak.

2.

Føretaksmøtet legg til grunn at styret i Helse Bergen HF/Helse Stavanger HF sørgjer for at samarbeidsavtalen blir følgd opp og pålegg administrerende direktør å iverksette tiltak for å sikre gjennomføring av avtalen. I tillegg forventar føretaksmøtet ein lojal oppfølging av avtalen frå leiinga og tilsette i begge helseføretaket.

2. Tilsetting av administrerende direktør i Helse Bergen HF

Sak om tilsetting av administrerende direktør i Helse Bergen HF, vart behandla i styret i Helse Bergen HF 12.12.2006. Stener Kvinnsland vart tilsett som administrerende direktør.

3. Riksrevisjonen sitt dokument nr. 1 (2006 – 2007)

Styret ba om ei orientering til neste styremøte på kvifor berre 5 % av pasientane innan barnerehabilitering ved Stavanger Universitetssjukehus har fått utarbeidd individuell plan (s. 85)

4. Luftambulanseoppdrag i Helse Fonna HF

Administrasjonen orienterte om luftambulanseoppdrag i Helse Fonna der helikopter var blitt omdirigert mellom Bergen til Stavanger. Det er henta inn rapporter frå Haukeland universitetssjukehus, Stavanger Universitetssjukehus og Haugesund sjukehus i saka. Det er ingen tvil om at det er rekvirenten (i dette tilfelle Haugesund sjukehus) som bestemmer kor pasienten skal sendast. Viss det er ekstraordinære forhold som gjer at det er behov for omdirigering skal luftambulansen diskutere omdirigering med rekvirenten før eventuell omdirigering skjer.

Det er sendt brev til Helseføretaka og bedt dei gjennomgå gjeldande reglar og rutinar. Helge Espelid orienterte om at det og er eit behov for ein tilsvarande avklaring av ansvarsforhold mellom legevaktslege i kommunane og ambulansepersonell.

5. Orientering om relevante lover og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat

7. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

B 06/122 Rapportering frå verksemda pr. 31. oktober 2006

Kommentarar:

Rapporten er utarbeidd med basis i informasjon pr. 31 oktober 2006. Under sak 74/06 B ny standardisert styrerapportering i Helse Vest RHF, er det lagt ved ein oversikt over dei aktuelle indikatorane med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiane til dei ulike indikatorane er fastsett av administrasjonen basert på eit fagleg skjønn. Det er enno ikkje laga nokon modell for fastsetting av trendindikatorane ("gule piler") og desse er derfor inaktive og har gul fargekode på samlege målekort. I utarbeidinga av styringsdokument 2007 vil Helse Vest legge inn målkriterium og grenseverdier som

blir lagt til grunn i oppfølginga av helseføretaka. Vi viser til eigen styresak om dette til møte i februar 2007.

Epikrise:

Talet på epikriser som er sendt innan 7 dagar har gått ned med 1% samanlikna med september.

Ventetid:

Dei gjennomsnittlege ventetidene går framleis nedover, både for dei ventande med rett og utan rett til nødvendig helsehjelp. For ventande med rett går ventetida ned frå 75 dagar i september til 72 dagar i oktober, medan ventetida for dei utan rett går ned frå 99 dagar til 95 dagar.

Aktivitet:

I oktober viser aktivitetsutviklinga målt i DRG-poeng ein vekst på 2,1 % samanlikna med same periode i fjor. Dette gjer ein aktivitetsvekst som er 0,4 % høgare enn kva den var i september.

Økonomi:

Oktober månad viser eit negativt resultatavvik. Samtlege av helseføretaka har eit negativt avvik denne månaden. Dette inneber at det akkumulerte negative resultatavviket no er auka til kr 268,8 mill ved utgangen av oktober.

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Apotekene Vest	6,988	-367	7,356
Helse Bergen	-170,000	-56,796	-113,204
Helse Fonna	-57,780	-12,424	-45,356
Helse Førde	-55,093	-2,843	-52,250
Helse Stavanger	-39,826	15,765	-55,590
Kjøp av helsetjenester	139,133	173,497	-34,363
Helse Vest (Mor)	-38,211	-58,846	20,634
Helse Vest IKT	5,186	1,236	3,950
Sum	-209,603	59,222	-268,825

Resultatprognosen for året viser eit negativt avvik på kr 232,1 mill. Dette er ein forverring i forhold til førre rapportering med kr 94,4 mill. Hovudårsaka er dei nye prognosetala til Helse Bergen og Helse Stavanger. Helse Førde har også lagt fram ein dårlegare prognose i forhold til førre rapportering. Det er og gjort ei vurdering av Helse Vest RHF sin prognose og den viser samla sett eit negativt avvik på kr 7,6 mill.

Resultatprognosen på kr. 232,1 mill. er avhengig av at planlagde eigedomssal i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF, vert gjennomførte i 2006. Forventa inntekt på sal av eigedommar er kr. 60 millionar.

	Årsprognose: A	Årsbudsjett: B	Avvik: = A-B	Siste årsregnskap
Apotekene Vest	8,500	1,400	7,100	-45
Helse Bergen	-215,898	-70,900	-144,998	-218,929
Helse Fonna	-37,798	-17,101	-20,697	-36,063
Helse Førde	-63,252	-42,401	-20,851	-57,401
Helse Stavanger	-56,603	-8,603	-48,000	-3,238
Helse Vest (Mor)	-47,927	-71,207	23,280	-49,200
Kjøp av helsetjenester	179,298	210,197	-30,899	190,171
Helse Vest IKT	3,200	254	2,946	-7,161
Sum	-230,480	1,641	-232,121	-181,866

Sjukefråvær:

I september månad er sjukefråværet 6,7 %. Tilsvarende tall for oktober 2005 var 7,6%. Dersom ein framleis klarer å behalde eit lågare nivå dei resterande månadene i forhold til 2005, vil ein ha eit godt utgangspunkt for 2006. Framleis er sjukefråværet høgare enn måлтаlet på 4,5%.

Styret registrerte den positive utviklinga innan sjukefråvær og var nøgd med det arbeidet som er gjort for å få ned sjukefråværet i regionen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok verksemdsrapport pr. 31. oktober 2006 til orientering

B 06/123 Budsjett for Helse Vest RHF administrasjon 2007

Kommentarar:

Styret i Helse Vest RHF vedtok under sak 099/06 inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHFet på kr 92,6 mill. I denne kostnadsramma låg det budsjettpostar som tidlegare låg under Kjøp av helsetenester. Dei er no flytta tilbake til Kjøp av helsetenester. Den nye kostnadsramma for administrasjonen er kr 73,7 millionar.

Budsjettet for 2007 viser ein vekst på 3,5 % i forhold til budsjettet for 2006.

Tal i tusen	Konsekvensjustert budsjett		Budsjet	Vekst 06-07
	2006	2007		
(50) Lønn til ansatte	19 529	20 339		809
(51) Lønn til ansatte (Feriepenger)	2 344	2 441		97
(52) Fordel i arbeidsforhold	40	5		-35
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	1 098	1 178		80
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	6 578	6 698		120
(55) Annen kostnads godtgjørelse	400	500		100
(56) Kompetanse og rekruttering	1 150	1 190		40
(59) Annen personalkostnad	680	594		-86
Sum lønns- og personalkostnader	31 819	32 944		1 125
(60) Av- og nedskrivning	725	700		-25
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	3 250	4 290		1 040
(64) Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	120	120		0
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	250	710		460
(66) Reperasjoner, vedlikehold og service	0	100		100
(67) Eksterne tjenester	22 410	22 680		270
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	2 254	2 009		-245
(69) Telefon, porto o.l.	2 135	1 700		-435
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	3 410	4 173		763
(73) Salgs- og reklamekostnad	1 480	1 660		180
(74) Kontingent og gaver	25	60		35
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	0	30		30
(76) Lisens -og patentkostnad	3 925	3 600		-325
(77) Annen kostnad	600	150		-450
Sum annen driftskostnad av- og nedskrivning	40 584	41 982		1 398
(80) Finansinntekter	-1 215	-1 215		0
Sum finansposter	-1 215	-1 215		0
Resultat	71 187	73 711		2 523

I budsjettet er følgjande stillingar lagt inn:

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	4 årsverk (1 ledig)
Fagavdelinga	10,2 årsverk (1 ledig)
Sekretariat	4 årsverk
Økonomi- og finansavdelinga	8,8 årsverk
Personal- og organisasjonsutvikling	2 årsverk
Eigaravdelinga	6 årsverk (2 ledige)
Administrerande direktør	1 årsverk
Internrevisor	1 årsverk (1 ledig)
Sum stillingsramme	37,0 årsverk

Det er ikkje lagt inn stillingar i budsjettet utover godkjend stillingsramme, jf sak (107/05 B) og sak (040/06 B). Det er pr i dag 5 ledige stillingar. Lønnskostnadene til desse er lagt inn med heilårsverknad.

I påvente av at dei ledige stillingane skal fyllast, kan ledige lønsmidlar i staden nyttast til å kjøpa tilsvarande tenester eksternt.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtar budsjett 2007 for Helse Vest RHF administrasjon

B 06/124 Regional plan for habilitering og rehabilitering

Kommentarar:

Habilitering og rehabilitering er eit av dei prioriterte helsefaglege områda i plandokumentet til styret i Helse Vest RHF.

Ifølgje bestillardokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2005 og 2006 skal Helse Vest RHF prioritere utviklinga av tilbodet innanfor rehabilitering og habilitering. Helse Vest RHF har følggt opp dette bl.a. ved å utarbeide eit utkast til regional plan for habilitering og rehabilitering. Helseføretaka blei i styringsdokumentet for 2006 bedne om å bidra aktivt i prosjektet.

Styret var opptekne av at ressursar til kjøp av tenester i opptreningsinstitusjonar / private rehabiliteringsinstitusjonar er svært skeivt fordelt på landsbasis. Midlane blir fordelte mellom RHFa etter den geografiske plasseringa til institusjonane, slik den var før RHFa overtok ansvaret 01.01.06. Helse Vest RHF får i 2007 tildelt i underkant av 7 prosent av ressursane, mens regionen har 20 prosent av innbyggjarane. Manglande omfordeling av midlar har konsekvensar for vidareutviklinga av tenestene i regionen.

Utkast til plan blir her lagt fram.

Vedtak (samrøystes):

1. Den oppdaterte handlingsplanen for habiliterings- og rehabiliteringstenestene i Helse Vest, jf. vedlegg 1, og dei strategiske satsingsområda trekt opp i denne styresaka, skal liggje til grunn for ei langsiktig satsing på å vidareutvikle habiliterings- og rehabiliteringstenestene i regionen.
2. Følgjande tiltak blir prioriterte som ledd i den langvarige satsinga på fagfeltet:
 - Det blir etablert eit regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, inkludert regional koordinerande eining. Det skal skje ei evaluering av kompetansesenteret etter 3 år.
 - Det skal vere ei koordinerande eining i kvart helseføretak.
 - Helse Bergen HF får i oppdrag å planleggje etablering av eit regionsdekkjande tilbod for pasientar med behov for tidleg og kompleks rehabilitering ved alvorleg hjerneskade.
 - Helseføretaka får i oppdrag å utarbeide gode pasientforløp for ulike diagnosegrupper med kroniske lidingar og for dei med sansetap, med eit særleg fokus på tilbodet til ungdom.
 - Det må setjast eit større fokus på læring og meistring.
 - Det må arbeidast vidare for å integrere opptreningsinstitusjonane/dei private rehabiliteringsinstitusjonane i spesialisthelsetenesta for å fremme kvalitet og betre samhandling.
3. Styret i Helse Vest vil peika på det store mistilhøvet mellom behov/planar og dei tilgjengelege ressursane for habilitering og rehabilitering i helseregionen. Styret vil be om at Helse- og omsorgsdepartementet i dei kommande årsbudsjetta forserer ressurstildeling/fordeling i tråd med innbyggjartalet i helseregionane.

Votering:

Inger Hamborg fremja forslag om endring i pkt 2 kulepunkt 2 til:

- Det skal vere ei koordinerande eining i kvart helseføretak.

Gisle Handeland og Kari Oftedal Lima følgjande forslag til nytt pkt 3 i administrerande direktør sitt forslag til vedtak:

3. Styret i Helse Vest vil peika på det store mistilhøvet mellom behov/planar og dei tilgjengelege ressursane for habilitering og rehabilitering i helseregionen.
Styret vil be om at Helse- og omsorgsdepartementet i dei kommande årsbudsjetta forserer ressurstildeling/fordeling i tråd med innbyggjartalet i helseregionane.

Administrerande direktør sitt framlegg til vedtak med Inger Hamborg sitt forslag til endring i pkt 2 kulepunkt 2 og Gisle Handeland/Kari Oftedal Lima sitt forslag til pkt 3, vart vedtatt samrøystes.

B 06/125 Organisering av egedomsforvaltning og styring av investeringsprosjekt i Helse Vest

Kommentarar:

Helseføretaka sitt ansvar for å yte spesialisthelsetenester føresett at dei har lokale og bygg som er tilpasset oppgåvene.

Eigedomsmassen representerer i seg sjølv ein verdi som det er viktig å ivareta gjennom god forvaltning.

Eigedommane har likevel først og fremst verdi i den grad dei er funksjonelle og understøtter ei effektiv drift og yting av spesialisthelsetenester.

Eigedomsmassen må såleis også fornyast og utviklast i tråd med endring i behovet for tenester og utvikling innan medisin og helsefag.

Administrerande har fått utarbeidet ein rapport om egedomsforvaltning og investeringsprosjekt. Rapporten er laga av Helge Rohn frå Semco AS. Rapporten er lagt fram for styret i Helse Vest RHF i styreseminar den 12.10.06. Den er også sendt dei administrerande direktørane i helseføretaka og drøfta i AD-møte med HFa 09.11.06. Den er og sendt dei konserntillitsvalde.

Det blir her lagt fram eiga sak bl.a. basert på rapport "Organisering av eiendomsforvaltning og investeringsprosjekter i Helse Vest" av juli 2006.

Saksframlegget som ligg føre til behandling i styremøte 14. des. 2006, blei sendt helseføretaka så dei kunne behandle saka i forkant av styremøte i Helse Vest RHF 14. des. 2006.

I behandlinga i Helse Førde og Helse Bergen er det peika på tilhøve som må medtakast og vurderast i eit samla prosjekt om forvaltning av eigedomsmassen. Oppretting av prosjektstyre vert støtta.

Det kan synast som om Helse Stavanger har misforstått intensjonen med saka i denne omgang. Helse Stavanger har såleis ikkje nytta høve til å ta konkret stilling til forslaga i saka.

Med bakgrunn i behandlinga av saka i 3 av helseføretaka, finn ikkje administrerande direktør grunnlag for å endre forslag til vedtak i styresak 125/06 B.

Vedtak (samrøystes):

1. Det blir etablert eit felles prosjekt i Helse Vest knytt til forvaltning av eigedomsmassen.
2. Det skal etablerast prosjektstyre for større utbyggingsprosjekt i helseføretaka.

Prosjektstyra skal som minimum ha kompetanse knytt til planlegging og gjennomføring av utbyggingsprosjekt, høg brukarkompetanse og relevant økonomikompetanse.

Det vil også vere aktuelt at tillitsvalde deltek i prosjektstyra.

Helse Vest RHF vil komme tilbake til eventuell deltaking frå RHFet.

3. Prosjektstyra rapporterar til administrerande direktør.

4. Helse Vest RHF er prosjekteigar for større utbyggingsprosjekt der det ligg føre særlige forhold knytt til størrelse og konsekvensar for regionen som heilskap mellom anna der det er aktuelt å bygge nye sjukehus.
5. Vedtaket blir innarbeidd i styringsdokument for 2007.
6. Prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt blir oppdatert i tråd med vedtaket.

B 06/126 Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør

Kommentarar:

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerande direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei lagt fram og drøfta på styreseminar 12. oktober 2006. Med bakgrunn i det som kom fram på seminaret blei omarbeidde utkast til malar delt ut i styremøtet 8. november 2006.

Styreleiar orienterte om at leiarsamtale med administrerande direktør vil bli gjennomført etter dialog med styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek dei vedlagte dokument som nye malar for gjennomføring av styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør.

B 06/127 Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF

Kommentarar:

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i mars 2005. Sak om val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vart sist handsama i styremøte 24. november 2004. Valet vart gjennomført slik det tilrådd. Valstyret frå 2004 har ikkje hatt oppgåver utover gjennomføring av sjølve valet i 2005.

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, av dei ein leiar og ein nestleiar. Valet skal skje skriftlig som fleirtalsval med mindre 1/5 av dei som har røysterett, eller fagforeining som omfattar minst 1/5 av dei med røysterett, seinast seks veker før valdagen skriftlig krev at det skal skje som forholdstalsval.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om dei tilsettes rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaks styrer".

Det har vore dialog med dei tilsette sine organisasjonar i høve å foreslå samansetning av valstyret.

Vedtak (samrøystes):

Det vert oppnemnd valstyre i Helse Vest RHF med følgjande samansetning:

1. Aslaug Husa, Styremedlem Helse Vest RHF, vald av og blant dei tilsette

2. Sidsel Petrine Vetås, konserntillitsvald for SAN
3. Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør Helse Vest RHF

Val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF og helseføretaka sine styre skal gjennomførast på ein best mogleg samordna og samla måte for å utnytta ressursane og avgrensa kostnadane så langt dette er mogeleg.

Valet skal vere gjennomført innan utløpet av mars, seinast medio april 2007.

B 06/128 Felles utredning om samarbeid knyttet til stabs- og støttefunksjoner - oversendelse av sluttrapport

Kommentarar:

I denne saken redegjøres det for gjennomført utredning vedrørende samarbeid på tvers av helseregioner knyttet til stabs- og støttefunksjoner.

Utredningen er gjennomført på oppdrag fra Helse- og Omsorgsdepartementet (HOD). Formålet er å vurdere samarbeid mellom helseregionene innen stabs- og støttefunksjoner. Målsettingen er å se på mulighetene for:

- Bedre grunnlag for styring og kontroll
- Effektivisering

I tråd med mandatet gitt i prosjektdirektivet fra AD-møtet er det utredet og vurdert samarbeidsformer på tvers av regionale helseforetak med hensyn til stabs- og støttefunksjoner.

Vedtak (samrøystes):

1. Det gjennomføres en fase 1 som foreslått i prosjektrapporten. Basert på analyser og vurderinger i fase 1 må det tas en endelig beslutning om det skal etableres nasjonale fellesløsninger og i hvilken form dette eventuelt skal skje. I tillegg må det etableres en plan for videre arbeid.
2. Det etableres en programledelse for å sikre god gjennomføring av fase 1, og for å sikre at det blir så godt samsvar som mulig mellom de ulike regionale prosesser og en mulig utvikling i retning av nasjonale fellesløsninger.
3. Det etableres et nasjonalt oppgjørskontor for bl.a. å kunne håndtere gjestepasientoppgjør mellom regionene.

B 06/131 Ortopedi i Helse Førde - endra styrevedtak

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla den 06.09.06 sak 75/06; *Endringar i tenestetilbodet i Helse Førde HF – ortopedi i Lærdal*. Det blei gjort slikt vedtak:

1. *Styret viser til vedteke revidert budsjett for 2006 for helseføretaka og til resultatkrav 2006 (Styresak 53/2006) og til Helse Førde HF si oppfølging av dette i styresak 39/2006 (Helse Førde HF).*
2. *Styret vil peike på at vurderingane av tenestetilbodet innan ortopedi i Helse Førde HF har vore samanfallande over tid. Dei føreslegne endringane for ortopedien ved Lærdal sjukehus er*

tilpassingar og bryt ikkje med tidlegare vurderingar og vedtak. Styret meiner at krava til forsvarlege helsetenester er ivareteke ved dei endringane som er gjort i Helse Førde HF knytt til styresak 39/2006 i Helse Førde HF.

Helse Vest RHF godkjente gjennom dette vedtaket at Helse Førde gjorde endringar i det ortopediske tilbodet ved Lærdal sjukehus.

Saka er på nytt tatt opp til behandling i styret i Helse Førde HF.

Styret i Helse Førde har oppheva punkt 3.4 i sak 039/06 om ortopedisk tilbod i Lærdal. Faggruppa har fått nytt mandat for sitt arbeid og skal mellom anna kome med forslag til lokalisering og oppgåvefordeling mellom institusjonane i Helse Førde.

Rapporten frå faggruppa skal behandlast av styret i Helse Førde. Det er naturleg at rapporten også blir sett i samanheng med dei føringar som kjem i mars 2007 når sentralt arbeid om innhaldet i lokalsjuehusa vert presentert.

Helse Vest RHF har forståing for at Helse Førde HF ønskjer å sjå tilbodet ved Lærdal sjukehus i samanheng med det pågåande planarbeidet innan ortopedi i føretaket.

Helse Vest har såleis ikkje merknader til at vedtaket i punkt 3.4 i sak 39/06 blir oppheva.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest RHF viser til vedtaket i Helse Førde HF i sak 69/06; *Ortopedi i Helse Førde – vidare arbeid.*
2. Med bakgrunn i styresak 69/06 i Helse Førde; *Ortopedi i Lærdal – vidare arbeid*, blir vedtaket i styresak 75/06 i Helse Vest RHF oppheva.

06/129 Eventuelt

Sjukepleiefagleg systemansvar i HFa (Inger Hamborg)

Inger Hamborg ba om at styret får lagt fram ein sak om korleis det sjukepleiefaglege systemansvaret er organisert og blir utøvd i praksis i HFa og mellom HFa. Kva fora som er etablerte og korleis desse er sett i samén.

Føretaksmøte Helse Vest RHF (Oddvard Nilsen)

Oddvard Nilsen orienterte om at Helse Vest RHF sitt føretaksmøte er flytta til 31. januar kl. 0900 – 1100.

Finansiering av studenthelseteneste ved universitet og høgskuler (Ellen Solheim)

Ellen Solheim stilte følgjande spørsmål:

"Studenthelsetjeneste inngår som del av helseforetakenes "sørge for ansvar". Hva er årsaken til at Universitetet i Bergen (UiB) mottar økonomisk støtte fra Helse Vest til sin studenthelsetjeneste, mens Universitetet i Stavanger ikke får dette?"

UiB tilgodeses også med midler over Statsbudsjettet. Kan ledelsen for Helse Vest ta kontakt med HOD for å medvirke til en tilskuddsordning for Studenthelsetjenesten som likebehandler universitetene/høgskolene i Norge?"

Styret ba administrasjonen undersøke dette og gje tilbakemelding i ei sak eller notat på neste styremøte.

Referat frå møte i kontrollkomiteen 13. desember (Svein Andersen)

Svein Andersen oppsummerte frå møte i kontrollkomiteen 13. desember.

Ny revidert plan til kontrollkomiteen blir lagt fram for styret på styremøte 14. februar.

Det pågår prosessar i høve til rekruttering/tilsetting av internrevisor i Helse Vest.

Det er planlagt 4 møter i kontrollkomiteen i 2007.

Fødetilbodet i Nordfjordeid (Gunnvor A. Sunde)

Med bakgrunn i medieoppslag i Sogn og Fjordane spurte Gunnvor A. Sunde det er planar om omgjerung av fødeavdelinga i Nordfjordeid til fødestove. Styreleiar gav tilbakemelding om at det ikkje er planar om endringar i fødetilbodet i Nordfjordeid.

Luftambulanseoppdrag i Fonna-området (Helge Espelid)

Saka var gjennomgått under administrerande direktør si orientering pkt. 4.

Skriv og meldingar

Styreleiar orienterte om at styreleiar og administrerande direktør har avtalt møte med aksjonsgruppa for eit godt helsetilbud i Sogn og Fjordane 21. desember i Førde, og at styreleiar vil delta på Landsforeningen for trafikkskadde sitt arrangement "Lys til ettertanke".

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå HOD til RHFa dagsett 04.12.06 "Praktisering av åpne styremøter"
- E-post frå Sjukehusaksjonen for Nordfjord sjukehus til Helse Førde, dagsett 24.12.06 "Stenging av fødeavd. Nordfjord sjukehus jula 2006"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.06 "Oppsummering etter tilsyn med tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelmissbrukarar - 2006"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.06 "Landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til barn 2006 – Vurderingar etter tilsyn i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland"
- Brev frå aksjonsgruppa for eit godt helsetilbud i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 15.11.06 "Aksjonsgruppa ynskjer eit møte med styret for Helse Vest"
- Brev frå Helse Bergen til Helse Vest RHF, dagsett 06.11.06 "Avtale mellom Helse Bergen HF og Eurosleep AS"
- Brev frå Helse- og omsorgskomiteen til Helse Vest RHF, dagsett 06.11.06 "Helse og omsorgskomiteens besøk hos Helse Vest"
- Brev frå Landsforeningen for trafikkskadde til styreleiar Helse Vest RHF, dagsett 31.10.06 "Lys til ettertanke"
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Rogaland a-senter as, dagsett 30.10.06 "Tilsyn med tverrfaglige spesialiserte tjenester til rusmiddelmissbrukere ved Rogaland A-senter – Endelig rapport"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Bergen, dagsett 24.10.06 "Avtale mellom Helse Bergen HF og Eurosleep AS"
- Protokoll frå møte i det regionale brukarutvalet 18. oktober 2006
- Protokoll frå kontrollkomitemøte i Helse Vest RHF 11. oktober 2006

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Brev frå Geir Hopland til styret i Helse Vest, dagsett 12.12.2006 – U.Off – Offl. § 5a

Lukka del av møtet

B 06/131 Innstilling til val av ekstern revisor

Kommentarar:

I samband med etableringa av dei regionale helseføretaka, gjennomførte prosjektorganisasjonen i departementet anbod på revisjonstenester. Desse blei stadfesta i føretaksmøte i desember 2001. Arthur Andersen & Co vart vald for Helse Vest. Selskapet er seinare gått inn i Ernst & Young AS. Avtalen går ut etter revisjon av rekneskapen for 2006.

Det vart sendt melding til revisor 28.06.06 om at avtalen går ut og at Helse Vest ville gå ut på anbod om kjøp av slike tenester, hausten 2006.

HINAS AS har leia prosessen rundt anboda og det har vore utarbeida felles anbudspapir for dei fem helseregionane. Prosessen har vore ein open anbudskonkurranse.

Det var tre revisjonsselskap som leverte inn tilbod på revisjon av Helse Vest. Desse var BDO Noraudit, KPMG og Ernst & Young AS.

Tilboda er evaluert med omsyn på pris, antatt gjennomføringsevne og kompetanse.

Saka var handsama i kontrollkomiteen 14. desember 2006. Kontrollkomiteen gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollkomiteen tilrår å velje Ernst & Young AS som føretaksgruppa sin eksterne revisor for åra 2007 – 2009 med opsjon for åra 2010 og 2011.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF tilrår at føretaksmøtet vel Ernst & Young AS som føretaksgruppa sin eksterne revisor for åra 2007 – 2009 med opsjon for åra 2010 og 2011.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 14. desember 2006

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Inger F. Hamborg

Helge Espelid